



Vestland fylkeskommune

Att:

Postboks 7900

5020 BERGEN

Engesund Fiskeoppdrett AS - Uttale til søknad om endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 25.02.2021 med søknad datert 19.02.2021 frå Engesund Fiskeoppdrett AS. Søknaden gjeld løyve til endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknadar til søknad om endring av anleggskonfigurasjon.

Om søknaden

Søknaden gjeld løyve til endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 11644 Duesund. Engesund Fiskeoppdrett AS skriv i søknaden at fôrflåten som er der i dag har liten kapasitet og dei vil ha inn ei ekstra fôrflåte aust for stålanlegget. Dette området er i dag klarert for tare dyrking og vil bli noko redusert for å få plass til flåten. Tareanlegget vert redusert frå 230 m til 195 m. Den sørlege delen av tareanlegget vert flytta om lag 50 meter mot sør. Det er ikkje søkt om anna endring på lokaliteten. Nye og endra botnfester til fortøyingar vil vere innanfor same område som før og ikkje vere meir til hinder enn dagens fester på botn.

Fôrflåten ser ut til å bli liggande innanfor område satt av til føremål akvakultur i kommuneplanen sin arealdel, med fortøyingar som strekkjer seg utanom AK-område.

Vurdering av søknaden

Utlegging av ei ekstra fôrflåte vil ikkje kome i konflikt med registrerte fiskeriinteresser i området, og den skal plasserast innanfor område sett av til akvakultur. Slik fortøyingane er skissert lagt ut, vil desse holde seg innanfor same område som dei andre fortøyingane som høyrer til anlegget. Anleggsendringa vil heller ikkje føre til konflikt med det registrerte gytedefeltet i området.

Ut frå vår kjennskap til området har vi vurdert at det ikkje er naudsynt å høyre fiskarlaget i denne saka.

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknadar til søknaden.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Gull Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kopi til:

Engesund Fiskeoppdrett AS

Postboks 64

5418

FITJAR

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

BERGEN

Kystverket

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981

MASFJORDNES

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

KOPPI

